



Årsmelding 2018

Styret hadde slik samansetjing:

Anna Margrethe Drægebø Moe – leiar

Jorunn Vestre - kasserar

Björg Hjelmseth - styremedlem

Torill Sandvik – styremedlem

Else Pedersen – varamedlem

Marit Abelvik – varamedlem

Varamedlemmene vert kalla inn til styremøta.

Valkomit :

Ingrid L set, Ann Elise Dyrkorn og Randi Malm – valt for 1  r

Revisorar:

Reidun Torpe Langhaug og Torbj rn Hove – valt for 1  r

Seinare valde styret Anna Margrethe til sekret r og studieleiar.

Styret hadde 7 m te og behandla 50 saker. Det vart halde 8 medlemsm te med tema.

Informasjon og synleggjering

Som ledd i arbeidet med informasjon og synleggjering hadde vi stand p  Stordalscup.

For tolvte  ret p  rad blei Verdensdagen for psykisk helse markert i Stordal. Dette  ret i samarbeid med frivilligsentralen og biblioteket om temaet ”Ver raus”. Dagen blei markert med stand p  Coop, ope m te med k seri av psykolog og forfattar Trond Haukedal. Omlag 110 m tte.

Mental Helse Stordal har vorte synleggjort i Bygdebladet og Storfjordnytt 11 gonger. Av dei 8 artiklar.

Ogs  i 2018 blei heimesida brukt aktivt med jamnleg oppdatering for   informere medlemmene og markedsf re Mental Helse Stordal. I alt 42 artiklar blei lagt ut. Artiklane blir ogs  lagt ut p  facebook og n r svært mange. Anna Margrethe er redakt r.

Bj rg Hj. legg ut materiell om hjelpetelefonen og Mental Helse p  legekontor og bibliotek m.m.

Samarbeid, kurs, andre aktivitetar m.m.

I samband med innsamling av midlar til Krafttak for kreft i mars deltok vi på gjennomføringa av dør-til-dør aksjon saman med frivilligsentralen og helselaget.

Mental Helse Stordal har gjennomført 8 kurs knytta til aktivitetar i lokallaget. På dei fleste medlemsmøta hentar vi inn forelesar om ulike tema.

Dei fleste tysdagane (veksla med måndag) har vi vore på turar til fjells i eigen kommune og i nabokommunar. Då snøen kom, gjekk vi bygdarunden både i Stordal og på Sjøholt. Vi hadde også opplegg med trening på Stordal treningsstudio då det vart for glatt å gå turar. Høgste vinteren er det bading på Muritunet kvar veke. Elles har vi vore på fleire konsertar. Fleire medlemmer var på «Kiss me Kate» med overnatting i operabyen Kristiansund. I alt har vi stått for 76 slike aktivitetar med 15 likepersonar. På dei fleste aktivitetane betalte medlemmene eigendel. Aktivitetane vert rapportert og genererer midlar frå Bufdir gjennom Mental Helse.

Alle medlemmene vart invitert til både sommarfest i Stordalshamna (vi bles inn på frivilligsentralen), grillfest i Stavåna (veret jaga oss inn på frivilligsentralen) og førjulsfest. Alle samlingane hadde god oppslutning.

Mental Helse Vestnes inviterte til lokallagstreff i august. I november inviterte Mental Helse Sykkylven fleire nabolokallag til bowling på Kula. Mange av våre medlemmer møtte på begge aktivitetane. Mental Helse Stranda inviterte nabolokallag til turnering i biljard, men ingen frå vårt lokallag deltok.

Torill og Bjørg møtte på leiarsamlinga i fylket. Mental Helse runda 40 år som vart markert med jubileumskonferanse i Oslo i mars. Marit Abelvik deltok. På fylkeslaget sitt kurs «Vår framtid – veien vidare» i november/desember deltok Torill Sandvik, Asbjørg Giskemo, Marit Abelvik, Bjørg Hjelmseth og Jorunn Vestre.

Representasjon og brukarmedverknad

Ingrid Løset er leiar i brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal, nestleiar i FFO og medlem i fylkesstyret MH Møre og Romsdal. Anna Margrethe er leiar i fylkesstyret MH Møre og Romsdal og fylkeslaget sin studieleiar. Ho er også studieleiar i studieforbundet Funkis Møre og Romsdal og valt av fylkesstudieleiarane inn i KUPP (Kurs- og opplæringsutvalget). I samband med revisjon av vedtektene på Landsmøtet 2018 i MH var ho med i vedtektsutvalet.

Som brukarorganisasjon er det viktig å vere med og utforme/påvirke tenestetilbodet i heimkommunen. Jorunn V er medlem i Rådet for menneske med nedsette funksjonsevner i Ørskog.

Torill sit i styret for Stordal frivilligsentral.

Tema på medlemsmøta

Reise glade Valborg Haugen fortalde og synte bilde frå fjelltur i Andorra. Ærnæringsrådgjevar Anne Kristin Falling gav oss gode kostråd. Medlemsmøtet i mai fall på fredsdagen 8. mai og vi delte minner frå fredsdagane. Tidlegare høgskulelektor Asbjørg Giskemo hadde temaet rehabilitering – rettar og plikter. Turglade Jon Slyngstad fortale og synte bilder frå tur med sykkel og til fots aust for Jostedalsbreen.


Medlemsmøta er opne for alle, også ikkje medlemmer, som er interesserte i temaene og arbeidet vi driv.

Medlemstal og grasrotgjevarar

Medlemstalet er 59, ein auke på 2 i forhold til i fjor. Som i fjor har 21 valt MH Stordal som grasrotmottakar.

Mental Helse Stordal takkar alle som støttar arbeidet vårt gjennom medlemskap, gåve, vel oss som grasrotmottakar og deltek på aktivitetane våre. Alt dette inspirerer til vidare innsats.


Anna Margrethe Dragebø Moe
leiar


Torill Sandvik
styremedlem


Jorunn Vestre
kasserar


Bjørg Hjelmseth
styremedlem